

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykker ref.
17/3201

Vår ref.
17/419-2/KJA

Dato
28.09.2017

Høyring om ny fagskulelov – høyringsfråsegn frå Språkrådet

Vi viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet dagsett 28. juni 2017 om ny fagskulelov.

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og har ansvar for å følgja opp den språkpolitikken som Stortinget har slutta seg til, jf. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* og Innst. S. nr. 184 (2008–2009). Det overordna målet for språkpolitikken er å sikra posisjonen for norsk språk, både bokmål og nynorsk, som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg.

Språkrådet har ingen merknader til det konkrete materielle innhaldet i lovframlegget.

Språkrådet gjer likevel framlegg om at framlegget til ny fagskulelov blir supplert med føresegner som sikrar studentar ved offentlege fagskular same typar rettar som *lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste* (mållova) og *forskrift 7. juli 1987 nr. 4148 om målform i eksamensoppgåver* sikrar studentane ved statlege universitet og høgskular.

I denne samanhengen viser vi til brev dagsett 26. september 2017 frå Språkrådet til det nyoppnemnde opplæringslovutvalet, med innspel om at elevar og andre som mottek opplæring etter opplæringslova, skal ha rett til å få 1) eksamensoppgåver i si eiga målform og 2) vitnemål, kompetansebevis, fagbrev, sveinebrev o.l. i si eiga målform.

Brevet til opplæringslovutvalet følgjer som vedlegg til denne høyringsfråsegna. Grunngjevingane i det brevet er i all hovudsak dei same som dei som ligg til grunn for at Språkrådet gjer framlegg om at fagskulelova bør innehalde desse språklege rettane for studentar ved offentlege fagskular.

Framlegg frå Språkrådet

I § 18 blir følgjande lagt til som siste punktum eller nytt andre ledd:

Studenter ved offentlige fagskoler har rett til å få vitnemål og karakterutskrift på bokmål eller nynorsk etter eget ønske.

I § 20 blir følgjande lagt til som nytt ledd:

Studenter ved offentlige fagskoler har rett til å få eksamensoppgaver som er gitt på norsk, på bokmål eller nynorsk etter eget ønske.



Postadresse
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

Besøksadresse
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

Sentralbord
+47 22 54 19 50

E-post
post@sprakradet.no
Internett
www.sprakradet.no

Organisasjonsnummer
971 527 404

Alternativt kan dei to føreslårte føresegne samlast i ein eigen paragraf i kapittel 5.

Venleg helsing

Åse Wetås
direktør

Kristin Solbjør
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.